

<b>Opplysningar om arbeidsgivaren</b>			
Namnet til arbeidsgivaren			
Org.nr. (9 siffer)			
Kontaktperson		Direkte tlf.nr.	
Adresse			
Postnr.		Poststad	
<b>Opplysningar om medlemmen</b>			
1 Fødselsnummer (11 siffer)			
2 Etternamn		3 Fornamn	
4 Adresse			
5 Postnr.		6 Poststad	
<b>Opplysningar om lønn og stilling</b>		Kryss av i rett rute	
7 Pensjonstype Ved søknad om alderspensjon frå fylte 62 til 67 år skal ein også leggje ved AFP-skjemaet (PT-3).		<input type="checkbox"/> Heil alderspensjon <input type="checkbox"/> Heil AFP <input type="checkbox"/> Delvis alderspensjon <input type="checkbox"/> Delvis AFP <input type="checkbox"/> Heil uførepensjon <input type="checkbox"/> Attlevandepensjon <input type="checkbox"/> Delvis uførepensjon <input type="checkbox"/> Korreksjon av tidlegare melding <input type="checkbox"/> Stopp av pensjon. Årsak:	
8 Dato start/stopp/ending av pensjon			
9 Stillingskode			
10 Stillingsnemning			
11 Stillingsprosent i jobb		Fram til dato ført opp i felt 8   F.o.m. dato ført opp i felt 8	
12 Lønnstrinn/hovudlønn pr. år			
13 Pensjongivande faste tillegg pr. år			
14 Pensjongivande funksjonstillegg pr. år			
15 Pensjongivande variable tillegg pr. år			
16 Dato for siste lønnsending			
17 Lønnstrinn/lønn og ev. tillegg før den siste G-reguleringa		Ltr./lønn   Faste tillegg   Funksjonstillegg   Variable tillegg	
18 Aldersgrense			
19 Pensjonsrett i anna ordning		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom JA, før opp ordning(ar)	
20 Merknader			
Elektronisk utgåve		Dato	Underskrifta til arbeidsgivaren

# Rettleiing for utfylling av pensjonsmeldingskjema

(Ei meir utfyllande rettleiing finst på internettsidene våre, [www.spk.no](http://www.spk.no))

Felta under **opplysningar om arbeidsgivaren og opplysningar om medlemmen** må fyllast ut så fullstendig som mogleg.

Forklaring av felta under **opplysningar om lønn og stilling**

## FELT 7. PENSJONSTYPE

Kryss av for kva forhold som skal meldast.

- **Heil alderspensjon** blir nytta når arbeidstakaren sluttar heilt i stillinga for å gå av med full alderspensjon. Hugs å leggje ved AFP-skjema (PT-3) i utfylt stand for søkjarar mellom 62 og 67 år.
- **Delvis alderspensjon** blir nytta når arbeidstakaren søker alderspensjon for ein del av stillinga, og held fram i den attverande delen av stillinga. Hugs å leggje ved AFP-skjema (PT-3) i utfylt stand for søkjarar mellom 62 og 67 år.
- **Heil uførepensjon** blir nytta når arbeidstakaren søker full uførepensjon for å slutte heilt i stillinga.
- **Delvis uførepensjon** blir nytta når arbeidstakaren søker uførepensjon for ein del av stillinga, og held fram i den attverande delen av stillinga.
- **Heil AFP** blir nytta når arbeidstakaren har fylt 62 år, men ikkje 67 år, og søker full avtalefesta pensjon for å slutte heilt i stillinga. Hugs å leggje ved AFP-skjema (PT-3) i utfylt stand
- **Delvis AFP** blir nytta når arbeidstakaren har fylt 62 år, men ikkje 67 år, og søker avtalefesta pensjon for ein del av stillinga, og held fram i den attverande delen av stillinga. Hugs å leggje ved AFP-skjema (PT-3) i utfylt stand.
- **Attlevandepensjon** blir alltid nytta når ein medlem døyr i stilling.
- **Korreksjon av ei tidlegare melding** blir nytta berre når det er feil i ei tidlegare melding. I slike tilfelle skal ein også føre opp pensjonstype i tillegg til aktuelle opplysningar i felta nedanfor.
- **Stopp av pensjon** blir nytta når ein pensjon skal avviklast. I slike tilfelle må ein også føre opp årsaka. Moglege årsaker kan vere utmelding, at personen går tilbake til stillinga, eller dødsfall. Ved stopp av pensjon pga. dødsfall kan ein søkje om attlevandepensjon på den same meldinga.

## FELT 8. DATO /START/STOPP/ENDRING AV PENSJON

Før opp dato for start, stopp eller endring av pensjon. Ved korreksjon av tidlegare melding må ein føre opp den opphavlege datoen. Ein skal alltid fylle ut dette feltet!

## FELT 9. STILLINGSKODE

Blir fylt ut berre der ein nytar lønnsplanane i staten, ev. annan lønnsplan som er godkjend av SPK. Verksemder som nyttar andre stillingskodar (særregulativ), fyller ut feltet for stillingsnemning.

## FELT 10. STILLINGSNEMNING

Dette feltet skal alltid fyllast ut!

## FELT 11. STILLINGSPROSENT I JOBB

Denne skal førast opp i prosent av full stilling, både fram til datoen for denne søknaden (jf. dato ført opp i felt 8) og frå og med denne datoen. Stillingsprosenten skal vere lik eller mindre enn 100 %. Ved delvis permisjon og delvis alders-/uførepensjon gjeld inga minstegrense for den prosenten som blir meld inn. Ein skal alltid fylle ut begge felta!

## FELT 12. LØNNSTRINN/HOVUDLØNN PR. ÅR

Skal fyllast ut i samsvar med hovudlønnstabellen i staten. Hovudlønn skal fyllast ut *berre* når ein ikkje nyttar lønns-trinn i lønnstabellen, og skal førast opp utan tillegg. For deltidstilsette skal ein *ikkje* rekne om lønna til 100 % stilling. For stillingar med særskilt pensjonsgrunnlag skal ein føre opp dette, ikkje den faktiske lønna til vedkommande. Hugs at det lønnstrinnet ein fører opp, må stemme over-eins med verknadsdatoen for meldinga.

## FELT 13. PENSJONSGIVANDE FASTE TILLEGG PR. ÅR

Ein skal summere faste tillegg og føre dei opp som **faktisk utbetalt beløp pr. år** (*ikkje* som B-trinn), ev. redusert i forhold til stillingsprosent.

## FELT 14. PENSJONSGIVANDE FUNKSJONS TILLEGG PR. ÅR

Ein skal summere funksjons tillegg og føre dei opp som **forventa utbetalt beløp pr. år**. Funksjons tillegg justerast ikkje i forhold til stillingsprosent.

## FELT 15. PENSJONSGIVANDE VARIABLE TILLEGG PR. ÅR

Ein skal summere variable tillegg og føre dei opp som **forventa utbetalt beløp pr. år** (*ikkje* som B-trinn), ev. redusert i forhold til stillingsprosent.

## FELT 16. DATO FOR SISTE LØNNSENDRING

Før opp datoen for siste endring av lønn (ikkje for endring av satsane i hovudlønnstabellen). Dette gjeld både når lønn er gitt opp som lønnstrinn og som hovudlønn. Dersom pensjonsgivande tillegg er justert etter endring av lønnstrinn/hovudlønn, fører ein opp denne siste datoen. Ein skal alltid fylle ut dette feltet!

## FELT 17. LØNNSTRINN/LØNN OG EV. TILLEGG FØR DEN SISTE G-REGULERINGA

Før opp lønnstrinn eller hovudlønn *før* den siste reguleringa av grunnbeløpet (G) i folketrygda. G blir til vanleg regulert pr. 1. mai kvart år. Ein skal også spesifisere alle pensjonsgivande tillegg, faste og variable kvar for seg. Ein skal alltid fylle ut dette feltet!

NB! Ein skal ev. redusere *alle* opplysningar om lønn (felt 12–16) etter den stillingsprosenten ein reknar med at arbeidstakaren vil ha før den datoen som er ført opp i felt 8.

## FELT 18. ALDERSGRENSE

Før opp aldersgrensa til stillinga etter lov om aldersgrense for offentlege tenestemenn, eller anna gjeldande lov. Alminneleg aldersgrense er 70 år. Dette må ikkje bli forveksla med pensjonsalder, som etter reglane i folketrygda er 67 år.

## FELT 19. PENSJONSRETT I ANNA OFFENTLEG PENSJONSORDNING

Dette skal alltid førast opp ved søknad om ny pensjon (alders-, uføre- og attlevandepensjon). Før opp ev. andre offentlege pensjonsordningar som arbeidstakaren tidlegare har tent opp pensjonsrettar i. SPK vil da kontakte vedkommande pensjonsordning og sørge for at desse rettane blir førte over til SPK. Det er svært viktig at arbeidstakaren blir spurd om dette og feltet fylt ut, slik at SPK kan få overført ev. pensjonsrettar frå andre offentlege tenestepensjonsordningar.

## FELT 20. MERKNADER

I merknadsfeltet skal ein føre opp andre forhold som kan vere viktige for SPK.